

Årsplan for skulefritidsordningen 2022/2023



Vedteke i samarbeidsutvalet 29.03.23

Årsplanen skal gje informasjon til foreldre, skule og kommune om SFO sitt arbeid og aktivitetar gjennom året.

Årsplanen er også eit arbeidsredskap for personalet.

«Rameplanen er fastsett av Kunnskapsdepartementet 31.05.21 med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den videregående opplæringa (opplæringslova) § 13-7. forskriften trer i kraft 1. august 2021.»

«Rammeplanen gjelder for arbeidet i skolefritidsordningen (SFO). Skolefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna og gi barna omsorg og tilsyn.»

«Opplæringsloven kapittel 9 A regulerer elevenes rett til et trygt og godt psykososialt og fysisk skolemiljø. Reglene om elevenes skolemiljø gjelder også for skolefritidsordninger.»

«Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.»

Velkommen til SFO!

På SFO jobbar :

Karina Nordby

Lene Seland

Lillian Borgen

Kari Eidam

Annlaug Bergland

Lena Mari Storøygard

Torunn Storøygard

Marte Sollid Tveit (lærling)

Ida Sofie Bjørnerud (lærling)

Lagleiar SFO:

E-post SFO leiar: kari-kristina.eidam@fyresdal.kommune.no

Rektor: Liv Johre-Bakke

Beskjeder til SFO: tlf. 94818550

De kan ringe eller sende ein sms dersom de har beskjed / spørsmål. Vi må ha beskjed dersom nokon andre enn foreldre skal hente eleven på SFO. Eleven må hentast, vi kan ikkje sende elevane heim aleine.

Opningstider:

SFO er ope måndag, tysdag, torsdag og fredag 07.00-08.10 og 13.55-16.30 og onsdag (heil dag) frå 07.00-16.30. Vi har base på 1.klasserom på morgonen, og SFO rom på ettermiddag og onsdagar. Fint om eleven møter innan 9.30 på onsdag.

Måltid:

Dersom eleven skal ete frokost på SFO , må dei ha med dette sjølv. Elles serverer vi mat og frukt etter skulen, og på onsdag får dei mat ca. 10.30 og 14.00. Vi serverer varm-mat ca. to gonger i veka, der vi har fokus på sunn mat, inkludert fisk.

Meldingar:

Det er viktig med eit tett og godt samarbeid mellom SFO og foreldre/føresette. Ein god kontakt mellom foreldre og ansatte forenklar kontakten mellom barn og ansatte. Dersom SFO ikkje har foreldresamtalar er det ynskjeleg at foreldre hentar barna. Vi vil ikkje ta omsyn til munnlege beskjedar frå barna. De skal føle at barna er trygge her, så gjer vel å ta kontakt om det er noko de ønskjer vi skal ta omsyn til eller noke de lurar på. SFO sender melding heim om det er nødvendig. Det er viktig at barna føler at dei blir tatt i vare, så vi har eit tett samarbeid med skulen.

Feriar:

Det blir sendt ut påmeldingsskjema til SFO i skulens ferie. Denne må leverast innan fristen.

Aktivitetar:

Vi sender ut månedsplan kvar måned, og den er laga ut ifrå årsplanen til SFO. Det varierar litt kva aktivitetar vi gjer. Tysdagane har vi som regel bading – dette er populært. Elles er vi mykje ute, nyttar oss av den fine idrettshallen vi har, har aktivitetar inne eller går på bibliotek. Hugs god klede tilpassa vær kvar dag, og gjerne ei drikkeflaske.

Utstyr:

Erfaring viser at barna i periodar har mykje våt klede, då dei er ute mange gongar om dagen. Det kan derfor vere lurt å ha fleire skift med uteklede. Dette er ikkje eit krav, men vi opplev at barna har det kjekkare ute med gode, tørre klede. Ekstra klede: frå innerst til ytterst. Viktig med ytterklede etter årstida (regnkjede/støvlar, vinterklede/vottar/luer). Også lurt å ha med innesko/gymsko. Hugs å merke klede og utstyr godt! Betre med eit skift for mykje – enn eit for lite 😊

Vedtekter:

SFO har egne vedtekter som ligg på heimeseida til kommunen.

Planleggingsdagar:

11., 12., 15. og 16. august 2022

2. januar 2023

Ordensreglar

SFO brukar skulen sine ordensreglar.

Årshjul for skuleåret 2022-2023

Aktivitetane tar utgangspunkt i rammeplanen for SFO, i tillegg til skulens bolkplanar og satsingsområde.

Månad	Periode	Tema	Beskriving
August	Bli kjent	Bli kjent Bli trygge Foreldresamarbeid Barns medvirkning Hausting og sanking	Bli kjent med: rutinar/reglar, område, dei vaksne, kvarandre. Øve på sosialt samspel. Leikbaserte aktivitetar. Bli kjent med nærområdet, hauste bær og frukt, reise på turar i Fyresdal.
September			
Oktober	Haust	Trygge på nærområdet Turar Fysisk aktivitet og rørsleglede Bibliotekbesøk	Lage mat saman, bruke lokale råvarer. Fysisk aktivitet inne og ute, symjing. Forming til Halloween. Bibliotekbesøk. Musikksamling.
November			
Desember	Advent og jol	Adventstid og førebuing til jol Baking Forming	Formingsaktivitetar til Jol. Jolebord. Musikksamling.
Januar	Vinter	Uteleik Matglede ute Fysisk aktivitet og rørsleglede Ski-/akedag Karneval	Fysisk aktivitet inne og ute, symjing, aking, ski. Fokus på sunn mat og laging av mat ute. Musikksamling. Ulike inneaktivitetar, forming.
Februar			
Mars	Vår	Utforske dyre- og planteliv, gardsbesøk, turar i området på onsdagane Uteleik Barns medvirkning Bibliotekbesøk	Utforske insekt og planter, korleis alt gror fram etter vinterdvala, besøke gard og sjå lamming, sykkeltur. Fysisk aktivitet ute. Ulike inneaktivitetar, forming. Såing av frø.
April			
Mai			
Juni	Sommar	Sommaraktivitetar Matlaging ute Fysisk aktivitet og leik	Turar: bading, museum, sykkel, fjell, nærområde, bading i Fyresvatn. Fysisk aktivitet ute. Fokus på sunn mat og laging av mat ute.
Juli			
August			

Satsingar gjennom heile året:

Sosialt samspel:

- Støtte utvikling av trygge og gode relasjonar mellom barn, vaksne og føresette. Fokus på utvikling av venskap og inkludering. Legge til rette for gode og trygge overgangar mellom barnehage og SFO, SFO og skule.

Fysisk aktivitet:

- Legge til rette for å fremje barna si rørsleglede og motorisk utvikling gjennom allsidige fysiske aktivitetar: stikkball, badminton, innebandy, hinderløype, fotball, basketball og fri lek i mindre grupper i idrettshallen, symjing i bassenget, fotball, fri lek i skulens utearealer, stikkball i bingen, sykling og sparkesykling på rampa, aking og ski, lek på det nye leikeapparatet, turar i nærområdet.

Kultur:

- Ulike kulturskuleaktivitetar i SFO-tida, aktivitetar innanfor kunst og handverk, musikkksamling, bibliotekbesøk.

Mat og helse:

- Legge til rette for at barna utviklar matglede og får gode helsevanar gjennom servering av sunn mat og felles måltidar og det å tilberede mat saman. Såing av frø til mat på våren, t.d. erter, bondebønner.

Kontakt med foresatte:

- Legge til rette for god dialog og samarbeid med føresette. God informasjon om tilbodet, legge til rette for at føresette kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten.

Vi håper på eit godt samarbeid!

Rammeplanens tema og kva vil dette seie for oss?

Tema i rammeplanen	Kva sei rammeplanen (Utdrag av denne, sjå udir.no for fullstendig innhald).	Korleis skal vi jobbe med dette på SFO
<p>2.2 Eigenverdien til barndommen</p> <p>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje barna sine behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det blit gitt rik moglegheit for meningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn.</p>	<p>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje barna sine behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn.</p>	<p>SFO set foreldresamarbeid høgt og alle foreldre kan ta kontakt med SFO-leiar når dei ønskjer. Vi prøver så langt det let seg gjere å oppfylle behov som barna har. På SFO set vi opp aktivitetar barna kan velje mellom og barna får sjølv bestemme kva aktivitet dei skal vere med på. Aktivitetar som t.d. tur, kan ikkje barna velje vekk utan at det er fysiske grunnar for dette. Vi jobbar mot barn sin medverknad samtidig som vi har fastsette aktivitetar alle skal vere med på. Om eit barn ynskjer å kvile seg med ei bok eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God kommunikasjon med barna vil vere avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyrte.</p>
<p>2.3 Tryggleik, omsorg og trivsel</p>	<p>SFO skal vareta og møte barn sine behov for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrslø og anerkjening. Omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati. I</p>	<p>Ved å vere tett på barna, lærer dei tilsette barna å kjenne, og barna føler seg trygge på den vaksne. Barna vil bli trygge på kvarandre og dei vaksne. Ved å vere tett på barna ser vi dei ulike behova samtidig som vi kan støtte, oppmuntre og gi den omsorga barnet treng. Fysisk aktivitet</p>

	SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte i å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg. SFO skal fremje barna si fysiske og psykiske helse og bidra til at dei opplev glede og meistring.	er viktig for barn; både på et fysisk og et psykisk plan. Barna opplev meistring, samhald, tilhørslse og vennskap. På SFO legg vi til rette for fysisk aktivitet i uteområdene, for tur dagar og gymsalaktivitetar. Det å kunne utfolde seg fysisk, vil også påverke den psykiske helsa til barnet.
2.4 Mangfald og inkludering	Respekt for ulikskap og anerkjening av mangfald skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO.	Gjennom samtalar med barna legg vil til rette for ulikheiter og mangfald. Barn med utfordringar blir anerkjent for den dei er og det dei kan og treng. Andre barn på gruppa blir rettleia om dei har spørsmål dei lurar på. Alle barn er ulike på kvar sin måte, og vi lærer alle barn at vi skal respektere og anerkjenne alle. Vi jobbar for eit inkluderande fellesskap der barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og andre.
2.5 Skaparglede, engasjement og utforskartrang	Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjement og utforskertrongen til barna skal SFO gi ein god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO. SFO skal prioritere tid og rom for leik.	På SFO skal vi ha varierte aktivitetar. De fleste er sjølvvalt, men aktivitetar som til dømes turdag er aktivitet som vi ynskjer alle skal vere med på. Vi set barna sin medverknad høgt i alle typar leik. Vi set av mykje tid til både inneleik og uteleik der vaksne er til stade og støttar barna i det dei treng.
2.6 Demokrati og fellesskap	SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte.	Vi jobbar med dette kontinuerleg, i samtalar saman med barna og «her og no» situasjonar. Alle barn skal føle at vi vaksne høyrer på kva dei vil seie, samtidig må barna lære seg at det ikkje er alltid dei får det slik dei ynskjer. I val i ei gruppe får fleirtalet bestemme (demokrati).
2.7 Berekraftig utvikling	Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.	Vi kildesorterer matavfall, restavfall, papir og plast når vi er inne. Vi støttar barna i å utvikle naturglede ved å bruke nærområdet, ha utedager, så frø om våren. Vi legg vekt på at vi skal rydde opp etter oss når vi er på tur.
3.1 Innhaldet i SFO	SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og	Vi har aktivitetar som inne/uteleik, symjing, gymsal, formingsaktivitetar,

	fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppa, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO.	musikk, bibliotek, tur, sløyd. Vi leggjer til rette for god samhandling innad i gruppene. Alle skal få medverke sin eigen kvardag.
3.2 Leik	Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal kvar dag ha tid og rom til leik. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.	Vi legg opp til fri leik både inne og ute. Den frie leiken er sentral på SFO, då dette er eit fritidstilbod. Barna skal trivast på SFO og dei skal halde på med kjekke aktivitetar saman med andre barn. Leik fremjar barnet si utvikling og forskning viser at barn lærer betre om dei har tilgang til leiker.
3.3 Kultur	SFO skal leggje til rette for at barna får delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar.	SFO samarbeider med kulturskulen . Vi legg også opp til formingsaktivitetar som barna kan velje å vere ein del av. Barna blir kjent med ulike materialer, får lære ulike ferdigheter. Det er viktig at barn får uttrykke seg gjennom skapande aktivitetar.
3.4 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som bør fremje barna si rørsleglede og motoriske utvikling. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst.	SFO set rørsleleik høgt og bruker derfor mykje tid ute på skuleplassen der vi legg til rette for ulike typar rørsleleik. Vi brukar idrettshallen, symjehallen og nærmiljøet. For å fremje aktivitetslyst legg vi vekt på at barna får vere med på å bestemme. Dei kan i nokre tilfelle få bestemme kvar turen skal gå eller kva vi skal gjere på tur. Eit anna eksempel er at dei får velje kva aktivitet dei skal ha i idrettshallen.
3.5 Mat og måltidsglede	SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevaner. Barn skal få tilstrekkelig tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Måltidet kan vere matpakke eller mat servert av SFO.	Vi serverer varme måltid, brødmåltid, frukt og grønt på SFO og velger sunne alternativ. Vi legg vekt på ro og samtaler ved matbordet. Nokon gonger kan barna sjølv vere delaktige i å lage til maten.
4 Inkluderande SFO	SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrse og sosialt fellesskap med andre barn og	På SFO har vi stor takhøgde for at alle er ulike, og dette er noko vi snakkar med barna om. Vi legg til rette for at alle skal føle seg anerkjent og respektert, både blant barn og vaksne. Også gjennom foreldrekontakt ynskjer vi å fange opp om nokon ikkje føler seg som ein

	<p>personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper og i tilrettelagde aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheit for deltaking og med utgangspunkt i interessene til barna leggje til rette for at alle barn kan delta.</p>	<p>del av mangfaldet. Vi har ulike aktivitetar og ulike grupper, og barna kan danne vennskap på tvers av aldersgruppe. Dei vaksne på SFO legg til rette for ulike aktivitetar og rettleiar/observerer barn som treng det i den sosiale leiken.</p>
5.1 Samarbeid i SFO	<p>Omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar. Barna sine foreldre/føresette er sentrale samarbeidspartnarar i arbeidet med å ta i vare på barnet sitt beste. SFO skal leggje til rette for god dialog mellom foreldre og personalet.</p>	<p>SFO prøver så langt det lar seg gjere å møte foreldre og barn regelmessig, gjerne kvar dag ved henting. Då gir vi beskjed om noko har skjedd og foreldre kan gi beskjed om det er noko dei ynskjer å snakke om. Vi har tett samarbeid med kontaktlærer og helsesjukepleiar på skulen om det skulle vere noko. Vi deltar i samarbeidsmøter.</p>
5.2 Overgang barnehage - skule	<p>SFO skal samarbeide med barnehagen og skulen om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.</p>	<p>SFO-leiar er med på overføringsmøte mellom barnehage og skule.</p>
6.1 Kvalitetsutvikling	<p>Eigar og alle som arbeider i SFO, skal saman bidra til å oppfylle måla i rammeplanen med utgangspunkt i sine erfaringar og sin kompetanse. SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon, som jamnleg vurderer og vidareutviklar sin praksis.</p>	<p>SFO har møte ein gong i månaden for å lage planar for månaden. Vi legg vekt på fagleg innhald og kommunikasjon.</p>
6.2 Planarbeid	<p>Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarande plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.</p>	<p>SFO leverer ut ny årsplan kvar haust.</p>